



MØTEREFERAT

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet 26.11.2019

| Referent | Saksarkivnr. | Dato |
|--------------------|--------------|------------|
| Bjørn Rune Bergane | 2019/2213-10 | 28.11.2019 |

Tid og stad: Omvikdalen skule 26.11.2019

Tilstades: Kjartan Thoresen, Tor Skeie-Olsen, Hildegunn Larsen Øyre, Gunn Borge Tveiten, Jonny Lygre, Niklas Skogseide Hjelmeland, Synne Sørensen Såtendal og Bjørn Rune Bergane

Saker:

- 1. Stoda på skulen**
Sjå FAU- referatet, der står meir enn me faktisk var inne på i SU/SMU
- 2. Trivsel, sjå sak 1**
I tillegg kom fram følgjande:
Positivt:
 1. Skulen er flinke til å snu seg rundt med fjellturar og liknande.
 2. God aktivitet i friminutt og timar.
 3. Engasjerte store og små.
 4. Mykje god arbeidsro.
 5. At ein fiksar dei 2 store leikeapparata.
 6. At ein får sykla litt i friminutta.
Kan bli betre:
 1. Litt meir slåball igjen? Faste dagar?
 2. Det kan vera nokon som ikkje er inkludert!
 3. Me jobbar spesielt med ei klasse for tida (PPT er innom i alle klasser og hjelper oss).
- 3. Høyring skulerute**
Me droppa saka.
- 4. «Grunn til å tru»**
Bjørn Rune snakka om barn som kanskje har det vanskeleg, og den handlingsplikta dei tilsette då har.
- 5. Hjartestartar**
Hjartestartar blir sett opp på Dalheim-veggen. Skulen er med og informerer.
O.I.L. har pengar til å hjelpa skulen

REFERAT FRÅ FAU-MØTE

Tid: Tysdag 26.11.2019 klokka 18.00

Stad: Omvikdalen skule

Desse møtte: Anne Ruth Lekva, Hilde Kristin Hanstvedt, Jeaneth Sundal Rangseter, Kjartan Thoresen, Kjerstin Hjelmeland, Lene Vangberg Monsen, Marta Skogtun, Sylvia Sjo Kårstad, Tor Skeie Olsen og Møyfrid Guddal

1. Stoda på skulen v/Bjørn Rune

- **Resultat fag:** Bjørn Rune er stort sett fornøgd med resultatata. Det har vore gode resultat dei siste åra. Resultat litt under snittet på årets nasjonale prøve i engelsk 5. trinn.
Føresette vert anbefalt å gå inn på Udir.no for å kikka litt på eksempeloppgåver og tidlegare nasjonale prøvar. (udir.no – eksamen og prøvar – nasjonale prøvar – eksempeloppgåver og tidligare nasjonale prøvar.)
- **Resultat trivsel:** Vi kikka på resultat av elevundersøkinga dei siste åra. Gode resultat på stort sett alle områder. Ein kan gå inn på Skoleporten.no om ein vil sjekka skulen sine resultat dei siste fem åra.
- **Leik:** mykje god leik på skulen. Litt anna type leik enn tidlegare, men stort sett glade elevar ute på skuleplassen.
- **Trivselsleiar:** det er 7.klasse som er ansvarleg. Dei har ansvar for aktivitetar i gymsal og ute på skuleplassen i midttimen. Dette fungerer bra.
- **Stoda i klassane:** stort sett så er det bra i alle klassane. Har den siste tida jobba litt ekstra med ein klasse, der det no ser ut for å gå rette vegen. PPT skal vera innom i alle klassane, for å observera og hjelpa lærarane om dei treng tips og råd.
- **Fagutdanning:** stort sett så er det faglærarar i alle fag. Dette er veldig bra!
- **Struktur/økonomi:** det er ikkje så store endringar dette året. Elevtalet er på veg ned, som i resten av kommunen. Det vil nok verta endringar i skulestrukturen i løpet av dei næraste åra.
- **IKT:** Det kjem ny læreplan til neste skuleår. Der er det meir fokus på IKT, og det vil nok ta meir plass i dei ulike faga.
- **Bygg/leikeapparat/dugnad:** det er for tida to reinhaldarar på skulen. Dette fører til grundigare og betre vask.
Ny slengdisse og 'edderkoppdisse' er snart på plass.
Det vert dugnad, til våren ein gong!
Idrettslaget er villige til å søkje om pengar/sponsa nytt utstyr i gymsalen.

2. Trafikk

Det er no trafikkvakter ved busshaldeplassen ved skuleslutt.

Skulen har hatt ein runde med elevane for å minna om refleksbruk til/frå skulen.

Framleis er det nokon som køyrer for fort opp dalen og forbi skulen. Det er lov å minna kvarandre om at det er ei fartsgrense på 30 km/t.

3. Trygg oppvekst

Lag, organisasjonar, skular m.fl som jobbar med barn og unge i kommunen, skal møtast og diskutera utfordringar som vi møter på. Alle må vera på vakt og ha fokus på inkludering. Dette ser ut for å vera eit bra opplegg, men enno er ikkje alle planar for korleis dette vil gjennomførast på plass.

4. «Grunn til å tru...»

Er det barn som ikkje har det bra? Alle vaksne har ansvar for å melde i frå om dei uroar seg. Kurt Helge Dahl (koordinator for konsultasjonsteamet for vold og seksuelle overgrep), har vore på skulen og snakka med dei eldste elevane. Han har og hatt opplæring av personalet på skulen.

5. Anna

Informasjon om innhaldet i den nye læreplanen kjem på eit foreldremøte.

Idrettslaget har fått pengar til å kjøpa ein hjartestartar. FAU foreslår at den vert hengt opp på Dalheim, då gjerne på hjørna mot skulen. Kjartan Thoresen avtalar med dei som har ansvaret for Dalheim.

Referent Møyfrid Guddal

27.11.2019